

Sak 3 Årsmelding til årsmøtet 16. februar 2023

Tillitsvalde har i år 2022 vore:

Leiar: Reidun Ramse Sørensen

Nestleiar: Vemund Viken

Skrivar: Reidun Ramse Sørensen

Styremedlem: Torill Nedberge Klevmark

Styremedlem: Inger Marie Højfeldt

Styremedlem: Grethe Bøe

1. vara: Anne Berit Rækken (ny)

2. vara: Jan Reidem (ny)

Ettersynsmann: Arnfinn Nilsen (ny)

Valnemnd: Kari Røken Alm og Vemund Viken (ny)

Som rekneskapsfører valde årsmøtet Einar Raastad

14. februar 2022 hadde vi elektronisk årsmøte med sju medlemmer til stades. På grunn av smittefare for korona, vart årsmøtet flytta frå fysisk møte på Hjertebo til skjerm.

Styret har hatt fire fysiske styremøte og eitt digitalt og har handsama 33 saker i 2022.

Siste styremøte i november vart avlyst fordi berre to kunne møte.

Vemund, Grethe og Reidun er administratorar på FB-sida Hadeland dialekt- og mållag.

Arnfinn Nilsen har redaktørtilgang.

Grethe administrerar nettsida <https://hadeland-dml.no/>

Representasjon

- **Austmannalaget:** Torill vart vald til styremedlem i Austmannalaget på det digitale årsmøtet 16. februar 2022.
Vemund og Reidun representerte Hdml på det digitale årsmøtet 16.02.22.
- **Hadeland Litteraturforum:** Kjetil Ulset er vår representant i styret.
- **Noregs Mållag:** Reidun er 3. vara til styret.

Aktivitet

Minnehøgtid over Aasmund Olavsson Vinje

Morgonen 17. mai heldt Nina Refseth minnetale i Nikolaikyrkja og deltok på fellesfrukosten etterpå på Granavolden Gjestgiveri. Refseth er direktør for Norsk folkemuseum, Oslo og i talen tok ho Vinje inn i vår tid. Mannskoret KK kunne endeleg syngje ved minnehøgtida i år. Vi var 142 tilhøyrarar inkl. 30 frå mannskoret.

Vår andre minnemarkering er Vinje sin dødsdag 30. juli. I år var det flott sol og om lag 15 tilhøyrarar samla seg ved bautasteinen for å høyre Gunvor Raastad lese «So møtast me», «Til ei langferd» og «Pantebrev». Gunvor og Kari Røken Alm la ned krans.

Barnas dag 5. juni 2022 på muséet

Hadeland dialekt- og mållag ved Gerd Nyland og Reidun R. Sørensen hadde stand ved hagelaget sin urtehage med spørjekonkurranse om dialektord frå Hadeland.

Terje Johanssen-dagene, en litteraturfestival på Hadeland fredag 3.-4. juni 2022

Styringsgruppa har vore sett saman av Arnfinn Nilsen, Ellinor Kolstad, Audun Vinger og Reidun Sørensen frå styret. Denne gongen kolliderte operafestivalen med vår litteraturfestival og billettinntektene vart lågare enn vi hadde venta.

Fredag: Forfattarmøte på Folkvang

Arnfinn Nilsen ønska velkommen. Forfattar Einar Økland heldt føredrag og las frå diktsamlingane sine. Litteraturkritikar Bjørn Ivar Fyksen intervjuar forfattar Bjørn Hatterud, som så levande fortalde om oppveksten sin i boka «Rundt Mjøsa med mor». 45 betalande. Vi var 60 inne inkl. gjester, arrangørar og ungdomslaget som serverte.

Laurdag: Poesivandring opp Langgutua

med avduking av to diktplakettar med dikt av Terje Johanssen. Ordførar Randi Eek Thorsen avduka plaketten «Opp Langgutua», og Audun Vinger avduka den øvre, med diktet «Pilegrimen ser utover landskapet». Einar Økland og Thor Sørheim las eigne dikt, og skodespelar Martha Kjørven las dikt av Terje Johanssen.

I nydeleg sol gjekk omlag 35 små og store heilt opp. Så mange har vi aldri vore før.

Laurdag: Poesikonsert i St. Petri

Framme i St. Petri leia Audun Vinger poesikonserten med Henriette Eillertsen «Poems for flute» og dikt av Thor Sørheim. Så fekk vi høyre ei rørende urframføring av utvalde dikt av Terje Johanssen vekselvis med nykomponerte melodiar av Helga Myhr på hardingfele. Med stor innleving og kroppsspråk las skodespelar Martha Kjørven dikt som skildrar våpenskjoldet på veggen i kyrkja.

I 2022 var det 10 år sidan første gongen «Terje Johanssen-dagene» vart arrangert første gongen. Styringsgruppa bestemte seg for at dette måtte bli siste gongen med Hdml som arrangør. Det kostar å sette saman eit godt program med høgt kunstnarisk nivå og i år 391 dugnadstimar.

Stor takk til Sparebankstiftelsen Gran (30.000 kr), Norsk kulturfond (25.000 kr), Innlandet fylkeskommune (20.000 kr), Gran kommune (10.000 kr) og Norsk Forfattersentrum (6.350 kr) for bidrag som gjorde det mogeleg å gjennomføre festivalen.

Litterær salong fredag 25. november 2022

Styringsgruppa for *Litterær salong* er sett saman av Ellinor Kolstad, Arnfinn Nilsen og Reidun Sørensen. Ellinor gjorde mesteparten av planlegginga og ville gjerne legge arrangementet til Folkvang fredag 25.11.22 som passa for forfatarane. Vi hadde nesten 30.000 kr i overskot etter *Terje Johanssen-dagene, en litteraturfestival på Hadeland*, som vart brukt til å invitere Einar Økland, Jan Erik Vold, Kjartan Fløgstad og Audun Vinger til Folkvang for å markere forfatterskapet til Johan Fredrik «Toto» Grøgaard. Arnfinn Nilsen ønska velkommen og presenterte «Toto» og Ellinor. Audun Vinger styrde samtalen mellom dei tre forfatarane, og ungdomslaget serverte kaffi, kake og vaflar.

Vi fekk mange gode tilbakemeldingar frå dei 57 som hadde kjøpt billett. 71 til stades alle inkludert.

Redaksjonskomitéen for bok om hadelandsdialekta er sett saman av redaktør Rolf Theil, Bjørn Liaklev, Grethe Bøe og Reidun R. Sørensen. På vårparten 2022 måtte vi vedgå at vi ikkje

ville klare å få ferdig alt stoffet i tide og bestemte å dele innhaldet i to band. Rolf arbeidde under høgtrykk for å få levert ordlista, band 1, til trykking tidsnok til at vi kunne selje ho på jolemarknaden på Granavollen 26. og 27. november 2022.

Vi har fått lovnad om kr 65.000 frå Sparebankstiftelsen Gran og kr 60.000 frå Sparebankstiftelsen Lunner Jevnaker Nittedal. Stiftelsane godtok at ordboka vart eit år forsinka. Vi har notert 2943 dugnadstimar fram til manus vart levert.

Jolemarknad på Granavollen 26. og 27. november 2022

Grethe Bøe fekk laga nye T-skjorter med ordsky frå boka til oss. Rolf Theil måtte diverre melde forfall til signeringa, men Bjørn Liaklev sat båe dagane og signerte bøker så blekket spruta. Mange tidlegare elevar kom innom og roste han for arbeidet med boka. Laurdag sa Reidun Sørensen litt om prosessen med boka og takka dei to daglege leiarane Jørn Prestkvern frå Sparebankstiftelsen Gran og Bjørn Haugen Morstad frå Sparebankstiftelsen Jevnaker Lunner Nittedal som trudde på prosjektet vårt. Dei fekk kvar si bok. Standsmannskapet hygga seg i helga: Bjørn Liaklev, Grethe Bøe, Torill Nedberge Klevmark, Anne Berit Rækken, Inger Marie Højfeldt, Lars Velsand og Reidun Ramse Sørensen.

Vi selde nesten 200 bøker i løpet av helga.

Etterspørsla etter boka vart stor. Vi tinga andre opplaget (nye 1000) 21. november, samtidig som vi fekk levert det første opplaget på 1000 bøker. Før jol hadde vi selt 1217 bøker. Boka er til sals hos Brandbu Bokhandel, Hadeland Landhandel, Norli Hadeland og biblioteka i Jevnaker og Lunner.

Smittevernregime sidan mars 2020

Også i 2022 retta vi oss etter smittevernreglane når vi i det heile fekk høve til å møtast fysisk. Til styremøte og årsmøte var det veldig effektivt å møtast digitalt.

Austmannlaget sin pris for 2022

Styret vedtok å fremme biskop Solveig Fiske som kandidat til Austmannprisen.

På høg tid å heidre Kirsten Langbo

Vi har foreslått for Gran kommune å gje toget i Vassenden nytt namn for å heidre multikunstnar og dialektforkjempar Kirsten Langbo. Vårt forslag om «Kirsten Langbos torg» vart avslått av administrasjonen. Gran Bygdeliste følgde opp saka politisk og foreslo «Kirsten Langbos plass». Kommunestyret vedtok å sende framlegget på høyring som namnesak.

Økonomi

Den økonomiske situasjonen er god. Våre tillitsvalde legg ned mange dugnadstimar for å kunne tilby kulturarrangement med høg kvalitet. Dei to siste åra gjekk det med 2943 timeverk til arbeidet med ordboka i tillegg.

Vi takkar for stønad til drift frå Sparebankstiftelsen Gran, Gran kommune og Vinje kommune.

Medlemssituasjonen

I år 2022 fekk vi 5 nye medlemmer og var 46 betalande medlemmer, mot 44 i 2021. Else Randi Kvåle er æresmedlem.

Styret